# Eigarskapsmelding for Vinje kommune

# 2020 - 2023



**Rehabiliteringssenteret AIR**

KRAFTKOMPETANSE HAUKELIVEGEN Sør - Øst 110 IKS Vår kompetanse - Din trygghet

INNLEIING ..... 4
DEL 1 - INFORMASJON OM SELSKAPSFORMER ..... 5
1.1 Kvifor kommunalt eigarskap? ..... 5
1.2 Kort om ulike eigar-/selskapsformer og val av selskapsform ..... 5
1.2.1 Aksjeselskap (AS, AL, LL, ASA) ..... 6
1.2.2 Interkommunalt selskap (IKS) ..... 6
1.2.3 Interkommunalt samarbeid etter «Sjette del» i ny kommunelov ..... 7
1.2.4 Kommunale føretak (KF) ..... 7
1.2.5 Stifting ..... 7
1.2.6 Samvirkeføretak ..... 7
DEL 2 - EIGARSTYRINGSPRINSIPP I VINJE KOMMUNE ..... 8
DEL 3 - OVERSYN OVER EIGARSKAP I VINJE KOMMUNE ..... 9
3.1 Vinje kommune sine eigardelar i selskap ..... 9
3.1.1 Vinje kommune sin ansvarsdel i interkommunale selskap og samarbeid ..... 9
3.1.2 Vinje kommune sin eigardel i heileigde kommunale aksjeselskap - AS ..... 10
3.1.3 Vinje kommune sin eigardel i selskap med avgrensa innsynsrett - AS ..... 10
DEL 4 - EIGARSTRATEGI FOR SELSKAP I VINJE KOMMUNE ..... 11
4.1 Kapital og utbytte ..... 11
4.2 Eigarskap – gjennomgang av eigarinteresser ..... 11
4.2.1 Vinje kommune sin eigarstrategi i interkommunale selskap og samarbeid ..... 12
4.2.1.1 Agder og Telemark kontrollutvalgssekreteriat IKS ..... 13
4.2.1.2 Vestfold og Telemark revisjon IKS ..... 16
4.2.1.3 Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark ..... 19
4.2.1.4 Renovest IKS ..... 21
4.2.1.5 Vest-Telemark Pedagogiske psykologisk teneste PPT IKS ..... 24
4.2.1.6 Vest-Telemark brannvern IKS ..... 26
4.2.1.7 Sør-Øst 110 IKS ..... 28
4.2.1.8 Barnevernstenesta i Vest-Telemark ..... 30
4.2.1.9 Jordmortenesta i Vest-Telemark ..... 32
4.2.1.10 Vest-Telemark driftssenter ..... 34
4.2.1.11 Kraftkompetanse KO ..... 37
4.2.1.12 Fjellab (mat-vann-miljø) ..... 40

4.2.1.13 Interkommunalt Utvalg mot Akuttforurensing Telemark ................................ 42
4.2.2 Vinje kommune sin eigarstrategi i heileigde kommunale aksjeselskap – AS........... 44
4.2.2.1 Vest-Telemark Kraftlag................................................................................. 45
4.2.2.2 Kvito AS.......................................................................................................... 47
4.2.2.4 Kommunekraft AS......................................................................................... 49
4.2.2.5 Raulandsakademiet AS................................................................................. 51
4.2.2.6 RN Eigedom AS.............................................................................................. 53
4.2.3 Vinje kommune sin eigarstrategi i selskap med avgrensa innsynsrett – AS......................... 55
4.2.3.2 Rehabiliteringssenteret AIR AS.................................................................... 56
4.2.3.3 Rauland Turist AS.......................................................................................... 58
4.2.3.4 Radio Vest-Telemark..................................................................................... 60
4.2.3.5 Vest-Telemark Blad AS.................................................................................. 62
4.2.3.6 Vest-Telemark næringsbygg AS.................................................................... 64
4.2.3.7 Norsk Bane AS............................................................................................... 66
4.2.3.8 Telemark Bilruter AS..................................................................................... 68
4.2.3.9 Dag og Tid AS................................................................................................ 70
4.2.3.10 E134 Haukelivegen AS................................................................................ 72

# INNLEIING

Vinje kommune har skilt ut delar av kommunen si verksemd i interkommunale samarbeid, interkommunale selskap, aksjeselskap og stiftingar. Dei fleste av desse er eigne rettssubjekt og blir ikkje regulert av kommunelova.

Val av organisasjonsform legg rammene for kva høve kommunestyret har til styring av desse verksemdene. Fristilte selskap har eigne selskapsorgan og er regulerte av særskilt regelverk, som mellom anna regulerer forholdet mellom eigarane (kommunen) og selskapsorgana. Dette gjev utfordringar når det gjeld demokratisk folkevald styring, innsyn og kontroll av verksemda. Eigarstyring og selskapskontroll er kommunesektoren sitt verkty for å møte desse utfordringane.

Ei eigarskapsmelding skal gjere tydeleg kva kommunen vil med sitt eigarskap, formål og langsiktige mål og grunnleggande prinsipp som skal gjelde for selskap som kommunen vel å nytte for delar av si verksemd. Vidare skal ei eigarskapsmelding innehalde ein oversikt over dei føretaka og selskapa som kommunen er eigar i og eigarstrategi for det einskilde selskap.

Eigarskapsmeldinga skal ikkje nyttast til å detaljstyre selskapa. Når kommunen vel å leggje ein del av sine verdiar inn i eit selskap, medfører det og ei overføring av styringsrett til verksemda. Kommunen må trekkje opp ei ytre ramme av prinsipp og reglar, og innafor denne eigarstrategien må selskapet ha ein stor grad av spelerom.

Kommunen kan som medveten eigar utøve sitt eigarskap gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Om kommunen gjer dette godt nok, vil koma fram gjennom eigarskapskontroll som kommunens kontrollutval utøver som del av selskapskontrollen i kommunen. Heimel for selskapskontroll finn me i kommunelova §77, jf. i tillegg §80 om innsynsrett i selskap.

Plan for selskapskontroll for kvar fireårsperiode skal leggjast fram for kommunestyret seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, jf. Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Gjennom denne planen vil kommunestyret vedta kva for selskap som skal undersøkjast, anten som eigarskapskontroll (obligatorisk) eller forvaltningsrevisjon (friviljug).

Denne eigarskapsmeldinga er delt i fire hovuddelar der dei to siste delane er konkrete i høve til dei selskapa kommunen eig og kva for eigarstrategi kommunen har for dei ulike selskapa. Det er difor viktig at meldinga er dynamisk og blir endra når det blir endring i faktiske eller juridiske rammer.

Eigarskapsmeldinga kan vera eit nyttig oppslagsverk, og skal ligge open og tilgjengeleg for alle på kommunen si heimeside.

**Eigarskapsmeldinga er vedteken av Vinje kommunestyre 12.03.20 i sak 20/13.**

# DEL 1 - INFORMASJON OM SELSKAPSFORMER

## 1.1 Kvifor kommunalt eigarskap?

Det er fleire grunnar til at kommunen kan ønskje eigarskap, så som:

a) Det kan vere lovpålagde tenester som kommunar løyser i fellesskap med andre kommunar. Renovest og PPT er døme på dette
b) Lovpålegg. (Offentleg eigde kraftselskap skal vera organisert som aksjeselskap, ev DA)
c) Ønskje om ei samfunnsbyggjande rolle. (Eigarskap i Kvito as er eit døme på dette)
d) Eigarskapet kan ha ei forretningsmessig grunngjeving, dvs eit ønskje om at verksemda skal gje overskot som blir pløgd tilbake til eigarane. (Eigarskapet i VTK kan delvis ha ei slik grunngjeving.)

Kommunen kan ha ulik motivasjon for ulike typar eigarskap. Me skil gjerne mellom politisk og finansiell motivasjon, men dette er ikkje alltid lett å skilje, då dei fleste selskapa har samansette mål og motivasjonen kan vere delvis finansiell og delvis politisk.

Politisk motivert eigarskap:

- Drifta er lovpålagd eller kommunale kjerneoppgåver
- Motivet for selskapsdanning kan vera
  - effektivisere tenesteproduksjonen
  - ønskje om betre samfunnsøkonomiske resultat
  - binde regionen tettare saman
- Er i avgrensa grad underlagt avkastningskrav
- Typiske område: drift og vedlikehald, VAR, arealdisponering, samferdsel, arbeidsmarknadstiltak og kultur

Finansielt motivert eigarskap:

- Selskap som er marknadseksponera
- Motivet er at det er mogleg å få økonomisk utbytte av innskoten kapital og avgrensa økonomisk ansvar
- Organisert som aksjeselskap

## 1.2 Kort om ulike eigar-/selskapsformer og val av selskapsform

Eit kommunalt eigarskap kan ha mange ulike former. Aksjeselskapsforma kan nyttast av ein kommune som vil starte verksemd åleine, og saman med private eller andre offentlege organ. Eit interkommunalt selskap kan berre ha kommunale eller fylkeskommunale eigarar, og har som føresetnad at fleire deltek saman om selskap. Kommunen kan ikkje etablere eller vera deltakar i ansvarlege selskap eller kommandittselskap. Skal det samarbeidast med private må derfor aksjeselskapsforma nyttast.

Kommunen kan vera deltakar i samvirkeføretak eller vera stiftar av ei stifting. Dersom kommunen ønskjer ein friare organisering av eiga verksemd enn i ordinære etatar, kan me nytte kommunale føretak.

Her er eit kort oversyn over kva som skil ulike selskapsformer. Oversynet er ikkje fullstendig, men gjev ein peikepinn på når me bør bruke dei ulike selskapsformene.

### 1.2.1 Aksjeselskap (AS, AL, LL, ASA)

Eit aksjeselskap (AS) er regulert i aksjeloven 13. juni 1997 nr 44 (AS) og allmennaksjelova av 13. juni 1997 nr 45 (ASA). Selskapet er kjenneteikna med:

1) Eit AS blir gjerne etablert der det er tenester som skal ytast i ein konkurranseutsett marknad. Selskapsforma er lite eigna til å organisere lovpålagde tenester, eller tenester der det er stor trong for/ønskje om politisk styring
2) Eit AS er eit sjølvstendig rettssubjekt og er ikkje ein del av kommunen – korkje organisatorisk eller økonomisk.
3) Aksjonærane sin økonomiske risiko er avgrensa til aksjekapitalen, med tillegg av eventuelt eigarlån til selskapet. Eit AS kan difor gå konkurs. Minimum aksjekapital skal vera 30 000 kr
4) Det øvste organet i eit aksjeselskap er generalforsamlinga. Generalforsamlinga fastset normalt vedtektene for selskapet. Kommunestyret fastset eit selskap sine vedtekter i samband med nyetablering. Generalforsamlinga er ansvarleg for at selskapet har eit styre, ein revisor om selskapet har omsetnad over 5 mill. kr (ved omsetning under 5. mill. kr. står ein fritt til å ha revisor i selskapet eller ikkje), at selskapet har tilstrekkeleg kapital og akseptable rammevilkår for drift.
5) Kommunen kan som aksjeeigar ikkje gje direkte pålegg til selskapet sitt styre utan å gå via generalforsamlinga. Styremedlemene skal i fyrste rekkje ivareta selskapet sine - og ikkje kommunen sine - interesser. Dersom det skulle bli interessekonflikt bør styret innkalle til ekstraordinær generalforsamling.
6) Ein aksje gjev ei røyst på generalforsamlinga. Aksjedel på 34% gjev høve til å hindre ei vedtektsendring, 51% gjev fleirtal i allminnelege saker som t.d godkjenning av budsjett, 67% gjev høve til å vedta ei vedtektsendring og 90% gjev rett til å løyse inn dei andre aksjane frå andre eigarar.
7) Skilnaden på ASA og AS er at ASA-forma blir nytta der det er stor aksjespreiing, og der selskapet ønskjer å hente inn kapital gjennom emisjonar rette mot ålmenta, til dømes frå børsen.

### 1.2.2 Interkommunalt selskap (IKS)

Interkommunale selskap er regulert av lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr 6.

Selskapet er kjenneteikna ved:

1. Både kommunar, fylkeskommunar og andre interkommunale selskap kan vera deltakar i interkommunalt selskap
2. Deltakarane har uavgrensa ansvar for selskapet sine plikter, men slik at den einskilde deltakar sitt ansvar er avgrensa til ein prosentdel av selskapet sin totale samla skyldnad

3. Det øvste organet i selskapet er representantskapet. Kvar deltakar har rett til å vera representert, og medlemmer blir peika ut av kommunestyret eller fylkestinget. Kvar deltakar har ei stemme med mindre anna er fastsett i selskapsavtala. Dersom ikkje anna er nedfelt i selskapsavtala, blir vedtak fatta med alminneleg fleirtal.
4. Selskapet blir oppretta ved at det blir inngått ei selskapsavtale mellom deltakarane, der deltakarar, føremål, innskotsplikt, tal på styremedlemmer og tal på medlemmer i representantskapet skal vere avtalt.

### 1.2.3 Interkommunalt samarbeid etter «Sjette del» i ny kommunelov

Interkommunalt samarbeid etter kapitla 17-20 kan etablerast av ulikt slag. Samarbeidet er lite regulert i lova, og det er i stor grad opp til kommunane korleis dei vil organisere det. Det er derfor eit mindre bunde samarbeid enn eit IKS. Hovudkjenneteiknet er at det blir oppretta eit felles styre for å forvalte felles oppgåver.

Det skal opprettast vedtekter for styret som minimum skal innehalde styret si samansetting og korleis det skal veljast, styret sine oppgåver, om deltakarane skal gjere innskot og om styret har avgjerdsmakt til å forplikte deltakarane økonomisk. I utgangspunktet er ikkje eit slikt selskap eit eige rettssubjekt, men samarbeidet kan organiserast som eit eige rettssubjekt.

### 1.2.4 Kommunale føretak (KF)

Det kommunale føretaket er regulert etter kommunelova sitt kapittel 11 utforma for eit tilbod for ei kommunal organisering av meir forretningsprega verksemd. Det kommunale føretaket er ein utskilt del av den kommunale forvaltninga. Men økonomisk og rettsleg er det ein del av kommunen. Kommunen blir halden ansvarleg for all verksemd i føretaket. Dersom verksemda er utsett for risiko bør denne modellen difor ikkje nyttast.

Føretaket skal ha ein dagleg leiar, som er ansvarleg for den daglege drifta og rette seg etter styret sine retningsliner og vedtak. Dagleg leiar er dermed ikkje underlagt kommunen sin administrasjon. Styret er underlagt kommunestyret, og ikkje den administrative leiinga i kommunen. Administrasjonssjefen har likevel møterett i alle styremøte, og kan krevje at kommunestyret skal handsame bestemte saker.

### 1.2.5 Stifting

Stiftingar er regulert i lov om stiftingar 15.6.2001. Ei stifting skil seg frå dei andre selskapsformene ved at den ”eig seg sjølv», den har ikkje eigarar. Denne styringsmodellen er eigna for oppgåver som kommunen ikkje ønskjer å ha påverknad på, t.d. legat og stønadsordningar etter donasjon frå private og med deira statuttar. Kommunen kan berre påverke stiftinga gjennom val av styremedlemmer, men har utover dette inga påverknad når det gjeld leiing, styring, oppløysing eller disponering av verdiar. Stifting vil difor i dei fleste tilfella vera ein lite eigna selskapsform for ein kommune.

### 1.2.6 Samvirkeføretak

Selskapsforma liknar på AS, men det er ikkje krav om storleik på eigenkapitalen. Det er og eit krav om at eigarane sjølv deltek aktivt i verksemda. Reine investorar kan fylgjeleg ikkje

vera med. Ved lov 29.06.2007 nr 81 er det vedteke ny lov om samvirkeføretak. Samvirkeforma er basert på brukardeltaking og ikkje på passiv kapitalforvaltning.

# DEL 2 - EIGARSTYRINGSPRINSIPP I VINJE KOMMUNE

1) Kommunen skal definere føremålet med selskapet (alle selskapsformer) og skal som eigar gje klare langsiktige mål for selskapa gjennom eigarstrategi for det einskilde selskap. Kommunen skal setje utbyte- og avkastningsmål for selskapa.
2) Vinje kommune fremjar sine interesser gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Kommunen føreset at styret sjølv kontrollerar leiinga av selskapet på vegne av eigarane.
3) Kommunens formelle eigarorgan er kommunestyret. Kommunestyret har eit tilsyns- og kontrollansvar for kommunens eigarskap, og vedtek eigarmelding og eigarstrategiar for dei selskapa kommunen har eigarinteresser i. I selskap med fleire eigarkommunar bør kommunane utarbeide felles eigarskapsmelding og utbytepolitikk.
4) Årsmeldingar blir lagt fram for kommunestyret, som og skal få jamleg informasjon om selskapa. Kommunestyret går i starten av ny kommunestyreperiode gjennom dei selskapa som dei ønskjer selskapskontroll for.
5) Det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman styra i selskapa. Styra skal setjast saman ut frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål. Selskap kommunen er medeigar i bør ha valnemnd som innstiller til val av styre. Ordninga med valnemnd bør gå fram av vedtektene til selskapa eller gå fram av selskapsavtala. Styret sitt arbeid skal evaluerast jamleg. Kommunen forventar at styret gjer ein slik eigenevaluering.
6) Godtgjersle til styret skal vera på moderat nivå, men rimeleg ut frå styrets ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten til arbeidet. Leiars lønsnivå bør vera konkurransedyktig, men ikkje lønsleiande.
7) Selskapa skal vere medvetne om sitt samfunnsansvar, og særleg vektlegge arbeid mot misleghald og korrupsjon, rett og effektiv ressursbruk ved anskaffingar , høg standard på arbeidet med helse, miljø og tryggleik, likestilling, mangfald og samfunnstryggleik.
8) Vinje kommune sine etiske retningsliner skal ligge til grunn for den verksemda som vert drive i selskap der kommunen har eigarinteresser. Selskapa bør ha eigne etiske retningsliner.
9) Vinje kommune skal vera open om sin eigarstrategi og selskapa si verksemd, og informasjon skal vera tilgjengeleg for alle.
10) Vinje kommune sine styrerepresentantar skal vera registrert i styrevervregisteret.
11) Rådmannen og ordføraren bør ikkje veljast til styre.
12) Det skal vere kjønnsbalanse i alle styrer.

# DEL 3 - OVERSYN OVER EIGARSKAP I VINJE KOMMUNE

Ved sida av formalisering av samarbeid gjennom ulike selskapsformer, er kommunen deltakar i avtalt regionsamarbeid. Som ein relativt liten distriktskommune har Vinje på fleire område føremoner av å samarbeide tett med nabokommunane, både om tiltak knytt til samfunnsutvikling og næringsutvikling og om tenesteproduksjon.
Vest-Telemark-rådet er vårt organ for koordinering av denne type tiltak.
Alternativ til selskapsdanning kan vera vertskommunesamarbeid, som er ein del av kommunal tenesteproduksjon. Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark er til dømes eit vertskommunesamarbeid, der Kviteseid kommune har ansvaret for tenesta på vegne av Vest-Telemarkskommunane, og utgiftene vert fordelt på kommunane etter avtale.

## 3.1 Vinje kommune sine eigardelar i selskap

### 3.1.1 Vinje kommune sin ansvarsdel i interkommunale selskap og samarbeid

- Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS - Eigardel 1,3%
- Vestfold og Telemark revisjon IKS - Eigardel 1,9%
- IKA Kongsberg IKS - Eigardel 1,17%
- Renovest IKS - Eigardel 29%
- Vest-Telemark Pedagogisk Psykologiske Teneste IKS - Eigardel 24 %
- Interkommunalt brannvernssamarbeid i Vest-Telemark - Eigardel 24%
- Sør-Øst 110 IKS - Eigardel 0,5%
- Barnevernstenesta i Vest-Telemark
- Jordmorsamarbeidet i Vest-Telemark
- Vest-Telemark driftssenter
- Kraftkompetanse KO - Eigardel 23%
- Fjellab
- IUA Telemark



- Bygget i Hydroparken der Fjellab på Rjukan held til.

### 3.1.2 Vinje kommune sin eigardel i heileigde kommunale aksjeselskap - AS

- Vest- Telemark Kraftlag AS - Eigardel 19 %
- Kvito AS - Eigardel 49,78%
- Kommunekraft AS - Eigardel 0,31%

### 3.1.3 Vinje kommune sin eigardel i selskap med avgrensa innsynsrett - AS

- Raulandsakademiet AS - Eigardel 98,61%
- Rehabiliteringssenteret AIR AS - Eigardel 16,06%
- Rauland Turist AS - Eigardel 33%
- Radio Vest-Telemark AS - Eigardel 20 %
- Vest-Telemark Blad AS - Eigardel 8,74%
- Vest-Telemark Næringsbygg AS - Eigardel 25,55 %
- Norsk Bane AS - Eigardel 17,23%
- Telemark Bilruter AS - Eigardel 16,76%
- Dag og Tid AS - Eigardel 0,15%
- E134 Haukelivegen AS - Eigardel 2,22%
- RN Eigedom – Eigardel 57,14%

# DEL 4 - EIGARSTRATEGI FOR SELSKAP I VINJE KOMMUNE

## 4.1 Kapital og utbytte

Kapitaliseringa av dei ulike selskapa er eit mogleg verktøy for styringa av dei. For mykje og for lite eigenkapital kan medføre effektivitetstap. Det er viktig at selskapa der kommunen har eigarinteresser er riktig kapitalisert i høve til eigarane sine ambisjonar, selskapets rammevilkår og den valde strategi.

Eigarkommunane bør definere sine forventningar til utbytte gjennom å etablere ein utbyttepolitikk som er føreseieleg både for selskap og eigarar. Vinje kommune har tradisjonelt fått utbytte frå Vest-Telemark kraftlag (VTK) og Telemark bilruter (TB). Det er særleg viktig for Vinje kommune at ein i desse selskapa har ei harmonisert haldning til kva utbyttepolitikk kommunane skal føre. Storleiken på utbyttet i VTK har variert slik det går fram av tabellen under (knytt til kommunens rekneskapsår). Tabell B syner selskapet sitt årsresultat etter skatt(i selskapets rekneskapsår). Ein felles utbyttepolitikk er difor ønskjeleg.

**Tabell A** (i heile 1 000)

| 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 27 000 | 22 000 | 15 000 | 10 000 | 10 000 | 15 000 | 7 000 | 20 000 |

**Tabell B** (i heile 1 000)

| 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 54 220 | 44 281 | 43 730 | 30 389 | 26 954 | 43 445 | 14 493 |

Utbyttestrategi for Vest-Telemarkkommunane i VTK blir handsama i eigen eigarstrategi for selskapet, og ikkje ytterlegare kommentert i dette dokumentet. Det må då presiserast at det årlege utbyttet ikkje er tenkt høgare enn selskapet sitt årsresultat etter skatt som dei siste åra har vore som følgjer:

## 4.2 Eigarskap – gjennomgang av eigarinteresser

Gjennomgangen gjev eit oversyn over samtlege selskap Vinje kommune har eigarinteresser i, og tek for seg:

1. Aksjeselskap
2. Interkommunale samarbeid
3. Interkommunale selskap

Eigarskapa i dei ulike selskapa , jf oversikta over er kartlagt og forsøkt systematisert ved å presentere desse skjematisk med følgjande informasjon:

- informasjon om selskapet
- eigarar og eigardelar
- selskapets styringsdokument
- føremål
- styreinformasjon
- rapportering frå selskapa
- bakgrunn for eigarskapen
- vurdering og eigarstrategi

### 4.2.1 Vinje kommune sin eigarstrategi i interkommunale selskap og samarbeid

- Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS - Eigardel 1,3%
- Vestfold og Telemark revisjon IKS - Eigardel 1,9%
- IKA Kongsberg IKS - Eigardel 1,17%
- Renovest IKS - Eigardel 29%
- Vest-Telemark Pedagogisk Psykologiske Teneste IKS - Eigardel 24 %
- Vest-Telemark brannvern IKS - Eigardel 24%
- Sør-Øst 110 IKS - Eigardel 0,5%
- Barnevernstenesta i Vest-Telemark
- Jordmorsamarbeidet i Vest-Telemark
- Vest-Telemark driftssenter
- Kraftkompetanse KO - Eigardel 23%
- Fjellab
- IUA Telemark

### 4.2.1.1 Agder og Telemark kontrollutvalgssekreteriat IKS

INFORMASJON OM SELSKAPET

**VESTFOLD, TELEMARK OG AGDER KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS**

**Selskapsform:**

Interkommunalt selskap

| | |
|---|---|
| **Org.nummer:** | 987 993 766 |
| **Stiftingsdato:** | 8.2.2005 |
| **Kontaktperson:** | Line Bosnes Hegna |
| **Nettadresse:** | https://temark.no/ |

EIGARAR OG EIGEDELAR

| Eier: | Innskudd kr: | Eierandel %: |
|---|---|---|
| Vestfold og Telemark fylkeskommune | 179 900 | 13,3 |
| Porsgrunn kommune | 70 800 | 5,4 |
| Notodden kommune | 35 100 | 2,6 |
| Siljan kommune | 15 500 | 1,1 |
| Bamble kommune | 38 100 | 2,9 |
| Kragerø kommune | 32 700 | 2,4 |
| Drangedal kommune | 20 800 | 1,5 |
| Nome kommune | 24 400 | 1,8 |
| Midt-Telemark kommune | 42 800 | 3,1 |
| Tinn kommune | 23 800 | 1,8 |
| Hjartdal kommune | 14 300 | 1,0 |
| Seljord kommune | 16 100 | 1,2 |
| Kviteseid kommune | 15 500 | 1,2 |
| Nissedal kommune | 13 700 | 1,0 |
| Fyresdal kommune | 13 700 | 1,0 |
| Tokke kommune | 15 500 | 1,2 |
| Vinje kommune | 17 300 | 1,3 |
| Horten kommune | 30 000 | 2,3 |
| Tønsberg kommune | 80 000 | 6,1 |
| Larvik kommune | 60 000 | 4,5 |
| Færder kommune | 30 000 | 2,3 |
| Holmestrand kommune | 30 000 | 2,3 |
| Agder fylkeskommune | 180 000 | 13,3 |
| Risør kommune | 10 000 | 1,0 |
| Grimstad kommune | 30 000 | 2,3 |
| Arendal kommune | 60 000 | 4,5 |
| Gjerstad kommune | 10 000 | 1,0 |
| Vegårshei kommune | 10 000 | 1,0 |
| Tvedestrand kommune | 10 000 | 1,0 |
| Froland kommune | 10 000 | 1,0 |
| Lillesand kommune | 20 000 | 1,5 |
| Birkenes kommune | 10 000 | 1,0 |
| Åmli kommune | 10 000 | 1,0 |
| Kristiansand kommune | 110 000 | 8,6 |
| Vennesla kommune | 20 000 | 1,5 |
| Sum | 1 310 000 | 100,0 |

| SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Selskapsavtale | Aksjonæravtale | | Vedtekter | | Etiske retningsliner |
| | Selskapsavtale | | Styreinstruks | | Varslingsregler/rutinar |
| | Samarbeidsavtale | | Strategiplanar | | Klima-/miljøplanar |

## FORMÅL OG STRATEGI

Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS skal utføre den lovpålagte sekretærfunksjonen for deltakernes kontrollutvalg. Selskapet kan utføre tilsvarende oppgaver for andre bestillere.

## ROLLE OG STYREINFORMASJON

Styreleiar: Jørund Arne Ruud

Nestleiar: Irene Solli - Vest-Agder

Medlem Dag Eide - Aust-Agder

## Utdrag frå siste rekneskap 2018

### ÅRSREGNSKAP 2018

**Driftsregnskap**

| *Driftsinntekter* | *Regnskap 2018* | *Reg. budsjett* | *Oppr.budsjett* | *Regnskap 2017* |
|---|---|---|---|---|
| Refusjoner | 708 184 | 330 000 | 330 000 | 573 576 |
| Overføring fra eiere | 6 390 000 | 6 390 000 | 6 390 000 | 6 203 000 |
| **Sum driftsinntekter** | **7 098 184** | **6 720 000** | **6 720 000** | **6 776 576** |
| *Driftsutgifter* | | | | |
| Lønnsutgifter | 4 585 959 | 4 325 000 | 4 325 000 | 4 063 791 |
| Sosiale utgifter | 1 201 172 | 1 162 000 | 1 162 000 | 1 001 149 |
| Kjøp av varer | 1 068 468 | 967 035 | 970 000 | 883 748 |
| Kjøp av tjenester fra fylkeskommunen | 164 619 | 160 000 | 160 000 | 162 026 |
| Overføringer | 203 555 | 130 000 | 130 000 | 160 740 |
| **Sum driftsutgifter** | **7 223 773** | **6 744 035** | **6 747 000** | **6 271 453** |
| **Brutto driftsresultat** | **-125 589** | **-24 035** | **-27 000** | **505 123** |
| *Finansinntekter* | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | 53 876 | 30 000 | 30 000 | 33 261 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **53 876** | **30 000** | **30 000** | **33 261** |
| **Resultat eksterne finanstransaksjoner** | **53 876** | **30 000** | **30 000** | **33 261** |
| **Netto driftsresultat** | **-71 713** | **5 965** | **3 000** | **538 384** |
| *Interne finanstransaksjoner* | | | | |
| *Bruk av tidligere års regnsk.m.mindreforbruk* | 534 058 | 534 058 | 0 | 614 489 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum bruk av avsetninger** | **534 058** | **534 058** | **0** | **614 489** |
| Overført til investeringsregnskapet | 5 965 | 5 965 | 3 000 | 4 326 |
| Avsatt til disposisjonsfond | 456 380 | 534 058 | 0 | 614 489 |
| **Sum avsetninger** | **462 345** | **540 023** | **3 000** | **618 815** |
| **Regnskapsm. merforbruk** | **0** | **0** | **0** | **534 058** |

| RAPPORTERING TIL KOMMUNEN |
|---|
| Får tilsendt årsmelding. Leiar av kontrollutvalet deltek på representantskapsmøte, med nestleiar som vara. |
| BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET |
| I november 2003 gjorde Stortinget ved behandlinga av Ot. prop. nr. 70 (2002-2003) *Om lov om endringer i lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner m.m. (kommunal revisjon)* vedtak om endringar i kommunelova og andre lover.<br><br>Lov endringane medførte m.a.:<br>· at kommunane kan konkurranseutsette revisjonsoppdrag<br>· at forvaltningsrevisjon kan bli utført av andre enn den som er ansvarleg for revisjonen av årsrekneskapen.<br>· det selskap, som har revisjonsoppdrag i kommunen, ikkje kunne ha sekretariatsoppdrag for kontrollutvalet i same kommune, og omvendt.<br><br>Fylkesstyret i KS oppnemnte 8. mars 2004 difor ei arbeidsgruppe med mandat å leggje fram eit forslag til sekretariatsfunksjon for kontrollutvala i Telemark frå 1. juli 2004, herunder foreslå organisasjonsform, eigartilknyting, bemanning, fysisk plassering og budsjett for 2004.<br><br>Vinje kommunestyre gjekk inn i samarbeidet 9. desember 2004.<br><br>Med verknad frå 1.1.2020 er Vestfold med i samarbeidet. |
| KOMMUNENS EIGARSTRATEGI |
| Dette verkar til å vere ei god løysing for denne delen av forvaltninga knytt til sekretariatsfunksjon for Kontrollutvalet, og eigarskapen bør halde fram. |

### 4.2.1.2 Vestfold og Telemark revisjon IKS

**INFORMASJON OM SELSKAPET**

**VESTFOLD OG TELEMARK REVISJON IKS**

| | |
|---|---|
| **Selskapsform:** | Interkommunalt selskap |
| **Org.nummer:** | 923 822 410 |
| **Stiftingsdato:** | 5.9.2019 |
| **Kontaktperson:** | Kjell Peter Ekman |
| **Nettadresse:** | http://vtrevisjon.no/ |

**EIGARAR OG EIGEDELAR**

| K nr | Deltaker | Eierandel i % |
|---|---|---|
| 3800 | Vestfold og Telemark fylke | 16,8 |
| 3801 | Horten kommune | 4,8 |
| 3802 | Holmestrand kommune | 4,3 |
| 3803 | Tønsberg kommune | 8,1 |
| 3804 | Sandefjord kommune | 9,1 |
| 3805 | Larvik kommune | 7,2 |
| 3806 | Porsgrunn kommune | 5,9 |
| 3807 | Skien kommune | 8,1 |
| 3808 | Notodden kommune | 3,0 |
| 3811 | Færder kommune | 4,7 |
| 3812 | Siljan kommune | 1,7 |
| 3813 | Bamble kommune | 3,1 |
| 3814 | Kragerø kommune | 2,7 |
| 3815 | Drangedal kommune | 1,9 |
| 3816 | Nome kommune | 2,2 |
| 3817 | Midt-Telemark kommune | 2,7 |
| 3818 | Tinn kommune | 2,1 |
| 3819 | Hjartdal kommune | 1,6 |
| 3820 | Seljord kommune | 1,8 |
| 3821 | Kviteseid kommune | 1,7 |
| 3822 | Nissedal kommune | 1,6 |
| 3823 | Fyresdal kommune | 1,6 |
| 3824 | Tokke kommune | 1,7 |
| 3825 | Vinje kommune | 1,9 |

**SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Selskapsavtale | Aksjonæravtale | | Vedtekter | | Etiske retningsliner |
| | Selskapsavtale | | Styreinstruks | | Varslingsregler/rutinar |
| | Samarbeidsavtale | | Strategiplanar | | Klima-/miljøplanar |

## FORMÅL OG STRATEGI

Vestfold og Telemark revisjon IKS skal utføre lovpålagte revisjonsoppgaver for deltakerne.

Vestfold og Telemark revisjon IKS kan utføre andre revisjonsoppdrag og rådgivning for deltakerne.

Vestfold og Telemark revisjon IKS kan utføre revisjonsoppdrag og rådgivning for andre selskaper.

Selskapet har ikke erverv til formål.

## ROLLE OG STYREINFORMASJON

Styreleiar: Anette Olsen Røren Hem

Nestleiar: Rannveig Sem

Medlemmer: Edvard Mæland, Jan Helge Fosse, Nora Pernille Drilen Bruun-Lie, Erik Seierstad og Geir Kastet Dahle.

## NØKKELTAL i heile 1 000

| **Rekneskap** | **2018** | **2017** | **2016** | **2015** | **2014** |
|---|---|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | 23 999 | 24 161 | 24 014 | 24 405 | 25 043 |
| Driftsresultat | -752 | 1 097 | 1 085 | 1 737 | 213 |
| Resultat før skatt | -553 | 1 213 | 1 180 | 1 863 | 365 |
| Sum eigedelar | 13 610 | 13 666 | 12 679 | 11 526 | 10 230 |
| Eigenkapital | 9 799 | 10 352 | 9 150 | 7 981 | 6 132 |

## RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Får tilsendt årsmelding. Deltek i representantskapet.

## BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET

Fylkesstyret i KS Telemark hadde ei arbeidsgruppe for å gjennomgå rapport om framtidig organisering av kommunal- og fylkeskommunal revisjon i Telemark. Sjå elles omtale i same punkt om kontrollutvalssekretariatet.

Vinje kommunestyre gjekk inn i samarbeidet 12. desember 2002.

I samband med regionreformen har selskapet blitt utvida med dei resterande kommunane i Vestfold.

**KOMMUNENS EIGARSTRATEGI**

Kommunale og private økonomiprosessar og rekneskapssystem skil seg frå kvarandre, noko som figuren under gjev ei god framstilling av:




Det er også difor ein føremon at den som reviderer er van med finansielt orientert med fokus på tilgang på og bruk av midlar, med periodisering av inntekter og utgifter uavhengig av tidspunktet for betaling (modifisert ”kostnadsregnskap”).

Medlemskapen i Vestfold og Telemark revisjon verkar såleis til å vere ei god løysing for utføring av revisjonstenester for kommunen, og bør halde fram.

### 4.2.1.3 Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **Interkommunalt Arkiv for Buskerud Vestfold og Telemark IKS** | |
| **Selskapsform:** | Interkommunalt selskap |
| **Org.nummer:** | 971 309 040 |
| **Stiftingsdato:** | 13.11.2002 |
| **Kontaktperson:** | Wenche Risdal Lund |
| **Nettadresse:** | www.ikakongsberg.no |

| EIGARAR OG EIGEDELAR |
|---|
| Vinje kommune er ein av 42 kommunar/fylkeskommunar med delt ansvar. Vinje sitt eigartilskot er på kr 311 600,- som er 1,17% av totalkapitalen på kr 26.592.493,-. |

| SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Aksjonæravtale | | Vedtekter | | Etiske retningsliner |
| Selskapsavtale | Selskapsavtale | | Styreinstruks | | Varslingsregler/rutinar |
| | Samarbeidsavtale | | Strategiplanar | | Klima-/miljøplanar |

| FORMÅL OG STRATEGI |
|---|
| Formålet med selskapet er å legge tilhøva til rette for at eigarane skal ha ei rasjonel, funksjonsdyktig og effektiv gjennomføring av intensjonar og bestemmelsar i arkivlova.<br>Selskapet skal kunne fungere som arkivdepot for eigarane, samt selge kompetanse og arkivtenester til andre.<br>Selskapet skal kunne fungere som fylkesarkiv for deltakande fylkeskommunar, og skal kunne motta privatarkiv.<br>Selskapet skal følge Lov om arkiv og forskrifter om offentlige arkiv. |

| ROLLE OG STYREINFORMASJON |
|---|
| Styreleiar: Astrid Sommerstad<br>Nestleiar: Bjørg Tveito Lundefaret<br>Medlemmer: Kurt Orre, Steffen Stordalen, June Wahl, og Grethe Vallumrød. |

## REKNESKAPEN 2018

### Driftsregnskap

| | Noter | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett | Regnskap i fjor |
|---|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter:** | | | | | |
| Salgsinntekter | 8 | 8 846 248,70 | 11 574 000,00 | 10 320 000,00 | 6 935 415 |
| Refusjoner | 7,8 | 30 399 031,38 | 26 985 000,00 | 26 592 000,00 | 28 817 938 |
| Overføringer | | | | | |
| Andre driftsinntekter | | | | | |
| **Sum driftsinntekter** | **8** | **39 245 280,08** | **38 559 000,00** | **36 912 000,00** | **35 753 352** |
| **Driftsutgifter:** | | | | | |
| Lønn inkl. sosiale utgifter | 3,4 | 25 392 922,31 | 24 934 000,00 | 23 048 000,00 | 18 226 622 |
| Kjøp av varer og tjenester | 3,8 | 6 874 722,84 | 7 174 000,00 | 6 413 000,00 | 6 147 054 |
| Overføringer | | 1 322 599,38 | | | 1 214 016 |
| Kalkulatoriske avskrivninger | 5 | 3 116 625,00 | | | 3 013 086 |
| **Sum driftsutgifter:** | | **36 706 869,53** | **32 108 000,00** | **29 461 000,00** | **28 600 778** |
| **Brutto driftsresultat:** | | **2 538 410,55** | **6 451 000,00** | **7 451 000,00** | **7 152 574** |
| **Finansposter:** | | | | | |
| Renteinntekter | | 280 680,97 | 250 000,00 | 250 000,00 | 261 367 |
| Renteutgifter | | 2 129 985,00 | 3 126 000,00 | 3 126 000,00 | 1 624 772 |
| Avdrag på lån | 11, 14 | 3 711 720,00 | 3 575 000,00 | 3 575 000,00 | 2 631 413 |
| Motpost avskrivninger | | 3 116 625,00 | | | 3 013 086 |
| **Ordinært resultat (Res.før interne finanstransaksjoner)** | | **94 011,52** | | **1 000 000,00** | **6 170 843** |
| **Interne finansieringstransaksjoner:** | | | | | |
| Avsetninger | 12 | 2 407 043,33 | 2 044 843,00 | 1 000 000,00 | 5 731 605 |
| Bruk av tidligere avsetninger | 12 | 2 313 031,81 | 2 044 843,00 | | 1 706 546 |
| Brukt til finansierng av utgifter i kapital regnskapet | | | | | 100 941 |
| **Regnskapsmessig resultat (Res. Etter interne finansieringstransaksjoner)** | | | | | **2 044 843** |

## RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Får tilsendt årsmelding. Møter på representantskapsmøte.

## BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET

IKA Kongsberg blei stifta i 1992 som ein kompetanseinstitusjon innan arkivfaget, etter eit initiativ frå Statsarkivet i Kongsberg. I starten var det organisert som ein interkommunal samarbeidsordning med 15 medlemer. Den 13. november 2002 ble det nye interkommunale selskapet stifta med heimel i lov om interkommunale selskap.

## KOMMUNENS EIGARSTRATEGI

Det er ein styrke innan det arkivfaglege å ha ein sentral kompetanseorganisasjon som har tung ekspertise innan arkivdanning, elektronisk arkiv, rettigheitsdokumentasjon, preservering, administrative arkiv og digitalisering.
Medlemskapen i Interkommunalt arkiv verkar såleis til å vere ei god løysing for arkivrelaterte tilhøve for kommunen, og bør halde fram.

### 4.2.1.4 Renovest IKS

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **RENOVEST IKS** | |
| **Selskapsform:** | Interkommunalt selskap |
| **Org.nummer:** | 980 018 725 |
| **Stiftingsdato:** | 25.6.2002 |
| **Kontaktperson:** | Toralf Orekåsa |
| **Nettadresse:** | http://renovest.no/ |

| EIGARAR OG EIGEDELAR | |
|---|---|
| Vinje kommune | 29,0% |
| Fyresdal kommune | 10,0% |
| Tokke kommune | 19,0% |
| Seljord kommune | 22,5% |
| Kviteseid kommune | 19,5% |

| SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Aksjonæravtale | | Vedtekter | | Etiske retningsliner |
| Selskapsavtale | Selskapsavtale | | Styreinstruks | | Varslingsregler/rutinar |
| | Samarbeidsavtale | | Strategiplanar | | Klima-/miljøplanar |

FORMÅL OG STRATEGI

Føremålet til selskapet er å ta vare på alt avfall i regionen på ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarleg måte. Selskapet skal - etablere, eige og drive anlegg for mottak, handsaming og deponering av avfall i dei fem kommunane i samsvar med forureiningslov og konsesjonsvilkår - vere ansvarleg for innsamling, transport og handsaming av avfallstyper etter lovverk og føresegner - ta seg av all innsamling og vidare handsaming av slam frå reinseanlegg, septiktankar og lukka anlegg - drive informasjon, samordning, rådgjeving og tilrettelegging vedkommande avfallshandtering.

Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre kundar enn eigarkommunane og kjøpe tenester knytt til drifta frå andre dersom dette er tenleg. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal nytte eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leige-/ og/eller driftsavtaler med kommunar, verksemder eller personar. Representantskapet kan vedta at selskapet deltek i andre føretak dersom føretaket har avgrensa ansvar og dersom slik deltaking fremjar selskapet sitt føremål og kompetanse og/eller tek sikte på å gje tekniske/økonomiske og miljø- messige driftsføremoner. For same føremål kan selskapet stifte dotterselskap som vert eigd fullt ut av RENOVEST.

## ROLLE OG STYREINFORMASJON

Styreleiar: Åge Verpe

Nestleiar: Gunnar Eilefstjønn

Styremedlemmer: Kjersti Bergland, Mona Skaufel Seltveit og Tore Åsland.

## NØKKELTAL i heile 1 000

| **Rekneskap** | **2018** | **2017** | **2016** | **2015** | **2014** |
|---|---|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | 45 037 | 42 134 | 40 036 | 38 738 | 35 440 |
| Driftsresultat | 4 048 | -922 | 1 238 | 970 | -1 085 |
| Resultat før skatt | 4 055 | -946 | 1 143 | 812 | -1 255 |
| Sum eigedelar | 28 320 | 20 468 | 22 056 | 24 005 | 23 845 |
| Eigenkapital | 14 163 | 10 172 | 11 255 | 10 218 | 9 566 |

## RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Får tilsendt årsmelding. Møter i representantskapet.

## BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET

På grunn av skjerpa krav til Vinje kommune sitt avfalldeponi på Hovdestadmoen, og at Tokke kommune måtte stengje forbrenningsomnen på Vistadmoen, gjekk Vinje og Tokke i saman og arbeide ut ein felles avfallsplan. Dei andre Vest-Telemark-kommunane utarbeide i 1995-96 konsekvensanalyse for vidare drift av avfallsdeponia sine.

Utviklinga på avfallsektoren med auka krav til kommunane førde til at Vest-Telemark rådet sette ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå på grunnlaget for eit avfallssamarbeid i Vest-Telemark. VTR såg at dei nye krava om kjeldesortering og strenge krav til deponia ville føre til særs høge renovasjonskostnader om kvar kommune skulle halde fram med eigne løysingar. VTR vedtok i sak 43/96 å opprette ei prosjektgruppe som fekk i oppdrag å arbeide ut éin felles avfallsplan for Vest-Telemark. Tidleg i prosessen såg prosjektgruppa at skulle ein etterkoma krava om kjeldesortering og dei strenge krava til deponia som var satt måtte Vest-Telemark samarbeide. Utan samarbeid vart kostnadene uforsvarleg høge.
Prosjektgruppa foreslo difor desse hovudmåla for eit samarbeid:

- Felles renovasjonsopplegg med like føresegner.
- Skipe eit avfallsselskap.
- Samordne innsamlinga.
- Sortere ut organisk avfall frå restavfallet.
- Handsame og stabilisere slam med tanke på lokal disponering

KOMMUNENS EIGARSTRATEGI

Selskapet blir ein stadig viktigare aktør for eigarkommunane etterkvart som særleg hytteutviklinga har skote fart, noko omsetninga i selskapet illustrerer. Det er såleis viktig at selskapet i takt med dette legg til rette for eit framtidsretta og bærekraftig tenestetilbod der det er ambisjonar om reduserte utslepp av klimagassar, og er tilrettelagt for kjeldesortering og gjenvinning av ressursane i avfallet.

Vidare forventar ein at selskapet har eit brukarvenleg, fleksibelt og likeverdig tenestetilbod for alle brukarar, som på ein positiv måte stimulerer til bærekraftige haldningar og åtferd. Eit vesentleg ledd i tenestetilbodet er aktiv og målretta informasjon.



### 4.2.1.5 Vest-Telemark Pedagogiske psykologisk teneste PPT IKS

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **Vest-Telemark Pedagogisk Psykologisk Teneste PPT IKS** | |
| **Selskapsform:** | Interkommunalt selskap |
| **Org.nummer:** | 987 570 806 |
| **Stiftingsdato:** | 30.3.2004 |
| **Kontaktperson:** | Sissel Bronken |
| **Nettadresse:** | http://www.vesttelemarkppt.no/ |

EIGARAR OG EIGEDELAR

Eigarskap og ansvar blir dela mellom kommunane prosentvis på bakgrunn av folketalet. Frå kvar av kommunane skal det så trekkjast 2 %, som til saman utgjer fylkeskommunens eigar- og ansvarsdel. Eigar- og ansvarsdelane blir regulerte kvart fjerde år, fyrste gongen 01.01.2020.

Eigarskapet og ansvaret blir då dela slik:

| **Deltakar** | **Eigardel** |
|---|---|
| Fyresdal kommune | 8 % |
| Kviteseid kommune | 15 % |
| Nissedal kommune | 8 % |
| Seljord kommune | 19 % |
| Tokke kommune | 14 % |
| Vinje kommune | 24 % |
| Telemark fylkeskommune | 12 % |

SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Selskapsavtale | | | Etiske retningsliner |
| Vedtekter | X | | Varslingsregler/rutinar |
| | | | Klima-/miljøplanar |

FORMÅL OG STRATEGI

Vest-Telemark PPT IKS er ei pedagogisk psykologisk teneste som blir drive som eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord, Tokke, Vinje og Telemark Fylkeskommune. Tenesta har kontorstad i Kviteseidbyen, men yter tenester lokalt i alle eigarkommunane.

Vest-Telemark PP-teneste er ei rettleiingsteneste som skal bidra med kompetanse i barnehage, skule og lærebedrifter med tanke på å skape gode og stimulerande utviklings- og opplæringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæringstilbod til barn, elevar, lærlingar og lærekandidatar med særlege behov.

PPT skal óg sørgje for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering når lova krev det. PP-tenesta vurderer om det er behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehage eller spesialundervisning i grunnskule, vidaregåande opplæring og for vaksne med rett til spesialundervisning.

| |
|---|
| Opplæringslova krev også sakkunnig bistand ved:<br><br>• framskunda eller utsett skulestart<br>• heilt eller delvis fritak frå opplæringsplikta<br>• behov for teiknspråkopplæring<br>• behov for punktskriftopplæring for blinde og sterkt svaksynte<br>• sakkunnig vurdering ved søknad om inntak på utdanningsprogram i vidaregåande skule på særskilt grunnlag |
| ROLLE OG STYREINFORMASJON |
| Styreleiar: Sverre Sæter<br>Nestleiar: Kjersti Bergland<br>Styremedlem: Ronde Ingeberg Schade. |
| OM REKNESKAPEN |
| Kviteseid kommune fører rekneskap for samarbeidet. Vinje kommune sin del av kostnadene er for 2019 rekna til kr 1 621 842,-, medan rekneskapen syner kr 1 580 239,- for 2018. |
| RAPPORTERING TIL KOMMUNEN |
| Får tilsendt årsmelding. Møter i representantskapet. |
| BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET |
| Vest-Telemarkkommunane såg det som tenleg å samarbeide å tilretteleggje ei pedagogisk-psykologisk teneste i samsvar med § 5-6 i lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). I Vest-Telemarkrådets møte 4. november 2003 blei det vedteke å sette ned ei gruppe til å utarbeide forslag til vedtekter for Vest-Telemark PPT. Det interkommunale samarbeidet om pedagogisk-psykologisk rådgjevingsteneste hadde pågått i fleire år, men samarbeidet hadde ikkje blitt formalisert tidlegare. |
| KOMMUNENS EIGARSTRATEGI |
| Eit interkommunalt samarbeid på dette området har vore gunstig med omsyn til å rekruttere spesialkompetanse innan logoped- og spesialpedagogikk, samt skape eit større fagmiljø.<br><br>Regjeringa har lagt fram: *en ny stortingsmelding; "Lærelyst - tidlig innsats og kvalitet i skolen" (Meld. St. 21 (2016-2017)*. Eit av hovudtiltaka er *Strengere krav til formell kompetanse i skoleledelse og spesialpedagogikk*. Dette inneber at skulane frå 2020 får auka krav til stadleg spesial-pedagogisk undervisningspersonale, som truleg ikkje eit interkommunalt samarbeid kan ivareta. Difor er det teke initiativ frå Vest-Telemarkrådet til å be Universitetet om å opprette ei studielinje i spesialpedagogikk lokalisert i Rauland.<br><br>Likevel bør kommunen vidareføre eigarskapen i PPT-samarbeidet. |

### 4.2.1.6 Vest-Telemark brannvern IKS

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **Vest-Telemark brannvern IKS** | |
| **Selskapsform:** | Interkommunalt selskap |
| **Org.nummer:** | 994 517 139 |
| **Stiftingsdato:** | 2.12.2008 |
| **Kontaktperson:** | Tore Metveit |
| **Nettadresse:** | http://www.vesttelemarkbrannvesen.no/ |

| EIGARAR OG EIGEDELAR | |
|---|---|
| Vinje kommune | 24% |
| Fyresdal kommune | 10% |
| Tokke kommune | 18% |
| Seljord kommune | 20% |
| Kviteseid kommune | 18% |
| Nissedal kommune | 10% |

SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Selskapsavtale | X | Vedtekter | | Etiske retningsliner |
| | Samarbeidsavtale | | Styreinstruks | | Varslingsregler/rutinar |
| | Aksjonæravtale | | Strategiplanar | | Klima-/miljøplanar |

FORMÅL OG STRATEGI

Samarbeide om brannvesen og utføring av lovpålagte brannførebyggande oppgåver og feiing i desse kommunane.

ROLLE OG STYREINFORMASJON

Styreleiar: Gunnar Eilefstjønn

Nestleiar: Tone Edland

Styremedlemmer: Magnhild Nordskog Ek Brynilsen, Sverre Bakke, Kristine Sandall og Nils Kristian Moe.

NØKKELTAL i heile 1 000

| **Rekneskap** | **2018** | **2017** | **2016** | **2015** | **2014** |
|---|---|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | 8 070 | 7 110 | 7 004 | 6 587 | 6 959 |
| Driftsresultat | 18 | 17 | 14 | 14 | 17 |
| Resultat før skatt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum eigedelar | 2 321 | 2 270 | 2 407 | 3 021 | 2 076 |
| Eigenkapital | 249 | 249 | 249 | 249 | 249 |

| RAPPORTERING TIL KOMMUNEN |
|---|
| Får tilsendt årsmelding. Deltek på representantskapsmøte. |
| BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET |
| Det fyrste brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark blei etablert 01.07.04 og omfatta det brannførebyggande arbeidet. Samarbeidet var organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid og blei administrert av Tokke kommune. Samarbeidet hadde tre tilsette.<br><br>01.04.09 blei samarbeidet utvida til å gjelde feiing, og samstundes blei det etablert eit Interkommunalt samarbeid (IKS): Interkommunalt brannvernsamarbeid i Vest-Telemark (IKS). Det blei laga ei selskapsavtale som blei handsama og vedteke i alle 6 kommunestyra.<br><br>Samarbeidet har heile tida hatt kontor ved VTK sitt kontor i Høydalsmo. |
| KOMMUNENS EIGARSTRATEGI |
| Selskapet har fått fleire oppgåver når hytter kom inn i oppgåveportefølja. Eigarskapen vidareførast som i dag. |

### 4.2.1.7 Sør-Øst 110 IKS

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **Sør-Øst 110 IKS** | |
| **Selskapsform:** | Interkommunalt selskap |
| **Org.nummer:** | 987 066 857 |
| **Stiftingsdato:** | 1.4.2004 |
| **Kontaktperson:** | Kim Haugan |
| **Nettadresse:** | http://www.sorost110.no/ |

**DELTAKARAR MED DELT ANSVAR**

Kongsberg, Ringerike, Hole, Hol, Modum, Flesberg, Rollag, Nore og Uvdal, Porsgrunn, Skien, Notodden, Siljan, Bamble, Kragerø, Drangedal, Nome, Midt-Telemark, Tinn, Hjartdal, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje, Sandefjord, Larvik, Jevnaker, Drammensregionens brannvesen IKS (kommunene Drammen, Krødsherad, Lier, Sigdal og Øvre Eiker), Hallingdal brann- og redningsteneste IKS (kommunene Flå, Gol, Hemsedal, Nes og Ål) og Vestfold Interkommunale Brannvesen IKS (kommunene Holmestrand, Horten, Færder og Tønsberg).

**SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Selskapsavtale | Aksjonæravtale | | Vedtekter | | Etiske retningsliner |
| | Selskapsavtale | | Styreinstruks | | Varslingsregler/rutinar |
| | Samarbeidsavtale | | Strategiplanar | | Klima-/miljøplanar |

**FORMÅL OG STRATEGI**

Selskapets formål er å dekke kommunenes behov, plikter og oppgaver i forbindelse med "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen" § 4-5, § 4-6, § 4-7 og § 6-3. Sør-Øst 110 IKS skal ivareta sammfunnets behov for profesjonell, samordnet og kostnadseffektiv nødalarmering ved brann og ulykker, akutt forurensning og andre kriser gjennom et regionalt samarbeid med brannvesenet og andre nødetater. 110-sentralens geografiske virkeområde er Sør-Øst 110-region som tilsvarer Sør-Øst politidistrikt.

**ROLLE OG STYREINFORMASJON**

Styreleiar: Thor Smith Stickler

Nestleiar: Torgeir Engelhardt Andersen

Styremedlemmer: Per Olav Pettersen, Lill Heidi Tinholt, Anne Cecilie Guneriussen, Hilde Tveit Kirkeby og Kristine Rødnes.

| NØKKELTAL i heile 1 000 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Rekneskap** | **2018** | **2017** | **2016** | **2015** | **2014** |
| Driftsinntekter | 43 093 | 37 230 | 35 104 | 33 491 | 32 213 |
| Driftsresultat | -2 876 | 1 945 | 789 | -88 | -1 |
| Resultat før skatt | -2 660 | 2 196 | 897 | 78 | 185 |
| Sum eigedelar | 17 690 | 23 664 | 11 335 | 10 026 | 10 030 |
| Eigenkapital | 9 353 | 9 585 | 7 389 | 6 492 | 6 415 |

RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Får tilsendt årsmelding. Ordførar deltek på representantskapsmøte.

BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET

Politilova blei endra i 2015. Her blei det presisert i stortingsproposisjonen at naudmeldingstenesta 110 skulle tilpassast dei geografiske grensene til dei nye politidistrikta.
- talet på politidistrikt blei redusert frå 27 til 12
- talet på naudalarmdistrikt blei redusert frå 18 til 12
Buskerud, Telemark og Vestfold blei éin region.

Stortinget hadde også eit mål om samlokalisering av 110 og 112.

Samarbeidet har hovudkontor i Tønsberg, og har omlag 20 årsverk.

KOMMUNENS EIGARSTRATEGI

Brannlova §16 pålegg kommunane om å samarbeide om lokale og regionale løysingar av førebyggande og beredskapsmessige oppgåver med sikte på best mulig utnytting av samla ressursar.

### 4.2.1.8 Barnevernstenesta i Vest-Telemark

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **Barneverntenesta i Vest-Telemark** | |
| **Selskapsform:** | Adm. vertskommunesamarbeid med Kviteseid som vert – koml § 20-2 |
| **Org.nummer:** | |
| **Stiftingsdato:** | 1.4.2009 |
| **Kontaktperson:** | Gunn Annie Hellestad |
| **Nettadresse:** | http://www.vinje.kommune.no/tjenester/barn-og-familie/barnevern |

| EIGARAR OG EIGEDELAR |
|---|
| Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i barnevernssamarbeidet. Nissedal, Seljord, Kviteseid, Fyresdal, Tokke og Vinje kommunar deltek.<br>Vertskommune og samarbeidskommunane sitt ansvar vil vera regulert av gjeldande lover. Kommunelova § 30 regulerer ansvarsforhold ved statleg tilsyn med vertskommune. |

| SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Samarbeidsavtale | | X | | Etiske retningsliner |
| | | | | Varslingsregler/rutinar |
| | | | | Klima-/miljøplanar |

| FORMÅL OG STRATEGI |
|---|
| Samarbeidet skal utføre dei oppgåvene kommunen har jfr. Lov om barneverntjenester. Dette fråtek ikkje kommunen ansvaret den har jf. Lov om barneverntjenester §§ 3-1 og 3-2 om førebyggjande verksemd. De viktigaste målsetjingane med samarbeidet er ei felles organisering av tenestetilbodet, styrke og utvikle dei aktuelle tenestene og betre ordningar for å kunne rekruttere og halde på fagutdanna personale. |

| ROLLE OG STYREINFORMASJON |
|---|
| Kommunestyret i samarbeidskommunane delegerer mynde til rådmannen i sin kommune som delegerer vidare til rådmannen i Kviteseid. Kommunestyret i vertskommunen delegerer mynde og oppgåver jf. denne avtala til rådmannen i vertskommunen.<br>Kviteseid kommune ved rådmannen får delegert all mynde (rettar og plikter) til utøving av lov om barneverntjenester av 20. juli 1992 nr 100 frå samarbeidskommunane. Rådmannen i vertskommunen skal delegere mynde vidare til barnevernsleiar og stadfortredar for barnevernsleiar, jf. Kommunelova. |

| REKNESKAPSINFORMASJON |
|---|
| Utgifter til administrasjon og drift av tenesta blir fordelt på kommunane i høve talet på barn i aldersgruppa 0 - 18 år pr. 01.01. året før budsjettåret. Kviteseid kommune fører rekneskap for samarbeidet.<br>Overskot/underskot skal ikkje gå inn i vertskommunen sitt meir-/mindreforbruk. |

Overskot blir avsett på fond i vertskommunen sitt rekneskap. Midlane reknast som "reservert særskilde føremål i høve til avtale" og disponerast av Barnevernssamarbeidet. Underskot må dekkast inn ved bruk av oppspart fond eller ved fordeling på dei seks kommunane.

Rekneskapen for 2019:

1 - Oppsett | 2 - Resultat

| | Konto | Konto (T) | Ansvar | Ansvar (T) | Beløp |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 13500 | KOMMUNAR KAUP AV TENESTAR | 1600 | BARNEVERN DRIFT F244 | 3 964 654,00 |
| 2 | 13500 | KOMMUNAR KAUP AV TENESTAR | 1601 | BARNEVERN IKKJE PLASSRT AV BARNEV. F251 | 125 000,00 |
| 3 | 13500 | KOMMUNAR KAUP AV TENESTAR | 1602 | BARNEVERN PLASSERT AV BARNEV. F 252 | 215 000,00 |
| ∑ | | | | | 4 304 654,00 |

## RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Barnevernstenesta skal orientere administrasjonen i den enkelte kommune minst ei gong i året om drifta og om vedtak som blir fatta i vertskommunen.
Årsmelding og rekneskap skal leggast fram for Vest Telemarkrådet/ Vest-Telemarktinget.
Kopi av halvårsrapportar til Fylkesmannen, årsmelding og rekneskap skal sendast til samarbeidskommunane.

## BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET

Vest-Telemarkkommunane har sidan tidleg på 90-talet hatt eit samarbeid om oppgåver etter barnevernlovgjevinga. I første omgang galdt det undersøkingar. Deretter forsøk med interkommunal barnevernsteneste frå 2004 som blei vidareført som vertskommunesamarbeid frå 2009 og frametter.

## KOMMUNENS EIGARSTRATEGI

Eit interkommunalt samarbeid på dette området har vore gunstig med omsyn til å ha ei teneste som er kompetent og har ressursar til å handtere varierande oppgåvemengde og kompleksitet. Dette samarbeidet må karakteriserast som vellukka og har vore modell for andre interkommunale samarbeidet innom dette tenesteområdet.

### 4.2.1.9 Jordmortenesta i Vest-Telemark

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **Jordmorsamarbeidet i Vest-Telemark** | |
| **Selskapsform:** | Adm. vertskommunesamarbeid med Vinje som vert – koml § 20-2 |
| **Stiftingsdato:** | 1.1.2018 |
| **Kontaktperson:** | Helene Mølster Byggland |
| **Nettadresse:** | https://www.vinje.kommune.no/jordmor-og-svangerskap.498881.nn.html |

**EIGARAR OG EIGEDELAR**

Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i jordmorsamarbeidet. Frå 01.01.2018 har jordmortenesta i kommunane Vinje, Seljord, Kviteseid og Fyresdal vore i eit interkommunalt jordmorsamarbeid. Saman dekker Jordmorsamarbeidet i Vest-Telemark oppfylgjing i svangerskapet, fylgjeteneste ved fødsel og oppfylging i barseltida.

Behovet for jordmorstillingar er 495 % stilling (ink. 20% avdelingsleiar). Av dette utgjer 315 % stilling til vaktberedskap (Tokke er med i vaktberedskapen med 60% stilling). Samarbeidskommunane er inne med 225% stilling til jordmorberedskapen. Sjukehuset er inne med 210% i beredskap.

Kostnadsfordeling mellom kommunane:

- Vinje 31%
- Seljord 29%
- Kviteseid 25%
- Fyresdal 15%

Vertskommune og samarbeidskommunane sitt ansvar vil vera regulert av gjeldande lover. Kommunelova § 30 regulerer ansvarsforhold ved statleg tilsyn med vertskommune.

**SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT**

Samarbeidsavtaler

**FORMÅL OG STRATEGI**

Saman dekker Jordmorsamarbeidet i Vest-Telemark oppfylging i svangerskapet, fylgjeteneste ved fødsel og oppfylgjing i barseltida. Bakgrunn er å sikre deltakarkommunane ein stabil og robust jordmorteneste ved vakansar, feriar og sjukdom.

## ROLLE OG STYREINFORMASJON

Kommunestyret i samarbeidskommunane delegerer mynde til rådmannen i sin kommune som delegerer vidare til rådmannen i Vinje. Kommunestyret i vertskommunen delegerer mynde og oppgåver jf. denne avtala til rådmannen i vertskommunen.

Det er etablert eit interkommunalt samarbeidsutval som er eit drøftings- og rådgivingsorgan mellom partane. Samarbeidsutvalet skal ikkje ha vedtaksmynde, men motta informasjon og koma med innspel.

## REKNESKAPSINFORMASJON

Rekneskapen for 2018:

| Undavd | Undavd (T) | Kontr1 (T) | Beløp | Opr.budsjett | Bud.endringar | Endra budsjett | Bud.avik |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 40704 | JORDMORTENESTE | Fast løn | 815 881,20 | 637 000,00 | 187 000,00 | 824 000,00 | -8 118,80 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Vikar løn | 23 787,60 | 20 000,00 | 15 000,00 | 35 000,00 | -11 212,40 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Ekstrahjelp | 10 090,71 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 10 090,71 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Overtid | 0,00 | 10 000,00 | -8 000,00 | 2 000,00 | -2 000,00 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Anna løn (inkl.fordela løn utearb.) | 30 052,54 | 0,00 | 25 000,00 | 25 000,00 | 5 052,54 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | --------SUM LØNSUTGIFTER--------- | 879 812,05 | 667 000,00 | 219 000,00 | 886 000,00 | -6 187,95 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Pensjonsutgifter | 119 107,50 | 75 000,00 | 46 000,00 | 121 000,00 | -1 892,50 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Arbeidsgjevaravgift | 105 885,43 | 82 000,00 | 25 000,00 | 107 000,00 | -1 114,57 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | -------SUM SOSIALE UTGIFTER------ | 224 992,93 | 157 000,00 | 71 000,00 | 228 000,00 | -3 007,07 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | -----SUM BRUTTO LØNSUTGIFTER-- | 1 104 804,98 | 824 000,00 | 290 000,00 | 1 114 000,00 | -9 195,02 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | -----SUM NETTO PERSONALKOSTNADAR--------- | 1 104 804,98 | 824 000,00 | 290 000,00 | 1 114 000,00 | -9 195,02 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Kjøp av varer/tenestar til komm. tenesteprod. | 10 837,32 | 12 000,00 | 2 000,00 | 14 000,00 | -3 162,68 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Kjøp av tenestar som erstattar komm. tenesteprod. | 5 857,00 | 0,00 | 5 000,00 | 5 000,00 | 857,00 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Overføringar | 278,39 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 278,39 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | ------SUM ANDRE UTGIFTER-------- | 16 972,71 | 12 000,00 | 7 000,00 | 19 000,00 | -2 027,29 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Refusjon frå staten | -224 261,78 | -325 000,00 | 105 000,00 | -220 000,00 | -4 261,78 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | ------SUM INNTEKTER------------------- | -224 540,17 | -325 000,00 | 105 000,00 | -220 000,00 | -4 540,17 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Sum utgifter | 1 121 777,69 | 836 000,00 | 297 000,00 | 1 133 000,00 | -11 222,31 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | Sum inntekter | -224 540,17 | -325 000,00 | 105 000,00 | -220 000,00 | -4 540,17 |
| 40704 | JORDMORTENESTE | +++++NETTO DRIFTSRESULTAT++++++ | 897 237,52 | 511 000,00 | 402 000,00 | 913 000,00 | -15 762,48 |

## RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Vertskommunen utarbeider kvart år ein årsrapport som blir handsama i samarbeidsutvalet og blir lagt fram som referatsaker i kommunane.

## BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET

Fleire av Vest-Telemarkkommunane har, saman med sjukehuset, i lengre tid samarbeidd om jordmorvakt. Nissedal har hatt vaktsamarbeid med sjukehuset i Arendal.

## KOMMUNENS EIGARSTRATEGI

Eit interkommunalt samarbeid på dette området er gunstig med omsyn til å ha ei teneste som er kompetent og har ressursar til å handtere ulike driftssituasjonar gjennom året.
Sjukehuset Telemark HF er ein del av samarbeidsavtala med bakgrunn i deira «sørge for ansvar» for følgjetenesta. Samarbeidet med vertskommunane og STHF blir regulert i *delavtale 4.3.9 tilleggsavtale om jordmortjenester - samarbeid om beredskaps- ogfølgjetenester for gravide*

### 4.2.1.10 Vest-Telemark driftssenter

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **VTDS** | |
| **Selskapsform:** | Adm. vertskommunesamarbeid med Vinje som vert – koml § 20-2 |
| **Stiftingsdato:** | 1.1.2019 |
| **Kontaktperson:** | Grunde Seltveit |
| **Nettadresse:** | https://www.vinje.kommune.no/jordmor-og-svangerskap.498881.nn.html |

**EIGARAR OG EIGEDELAR**

Kostnadsfordeling mellom kommunane:

- Vinje 40%
- Tokke 30%
- Kviteseid 30%

Kommunelova § 30 regulerer ansvarsforhold ved statleg tilsyn med vertskommune.

**SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT**

| | |
|---|---|
| | Samarbeidsavtale |
| | Vedtekter |
| | Tenestekatalog |
| Vedtaket | |

**FORMÅL OG STRATEGI**

Samarbeidet skal levere IKT driftstenester til deltakarkommunane i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande tenestekatalog og tenestenivåavtale.

Dette vil omfatte oppgåver knytt til drift, service, forvalting og utvikling av eigarkommunane sin informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), samt inngåing og oppfølgjing av avtaler om kaup av tenester og varer frå eksterne leverandørar innanfor dette området. Verksemda skal vere konkurransedyktig på pris og kvalitet.

Verksemda skal handtere oppdrag etter bestilling frå kommunane og innanfor ramma av eit digitaliseringssamarbeid i Vest-Telemark og deltakarkommunane sine til ei kvar tid gjeldande IKT-strategiar.

Verksemda kan óg levere tenester til offentlege verksemder eller selskap som fullt ut er eigd av deltakarkommunane, eller i selskap kor deltakarkommunane har avgjerande innverknad.

Definisjonen av formål og ansvarsområde er uttømmande.

## ROLLE OG STYREINFORMASJON

Styret består av rådmennene i medlemskommunane samt inntil to representantar for verksemda sine tilsette. Tal tilsetterepresentantar avklarast ved drøftingar. Dei tilsette vel sjølv sine representantar.

## REKNESKAPSINFORMASJON

Førebels rekneskap for 2019:

| Konto | Konto (T) | Ansvar | Ansvar (T) | Prosjekt | Prosjekt (T) | Opprinneleg bud. | Bud.endraingar | Endra budsjett | Beløp | Bud.avik |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10100 | LØN FAST | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 4 525 000,00 | 4 525 000,00 | 4 716 247,92 | 191 247,92 |
| 10199 | AVSETTE FERIEPENGAR I ÅRET | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 589 000,00 | 589 000,00 | 614 458,60 | 25 458,60 |
| 10200 | LØN VIKAR FAST | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 11 000,00 | 11 000,00 | 62 099,23 | 51 099,23 |
| 10400 | LØN OVERTID | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 11 000,00 | 11 000,00 | 5 696,54 | -5 303,46 |
| 10500 | LØN ANNA | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 77,02 | 77,02 |
| 10900 | PENSJON KLP | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 700 000,00 | 700 000,00 | 823 667,89 | 123 667,89 |
| 10970 | ARB.GJ.AVG.AV PENSJON | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 74 000,00 | 74 000,00 | 87 308,76 | 13 308,76 |
| 10980 | ARB.GJ.AVG.FERIEPENGAR | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 27 000,00 | 27 000,00 | 59 258,58 | 32 258,58 |
| 10990 | ARB.GJEVAR AVGIFT | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 515 000,00 | 515 000,00 | 509 128,35 | -5 871,65 |
| 11002 | IT-MATRIELL | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 10 000,00 | 10 000,00 | 7 760,30 | -2 239,70 |
| 11003 | TELEFONUTSTYR | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 5 000,00 | 5 000,00 | 1 026,00 | -3 974,00 |
| 11150 | MATVARER SERVERING I KOMM.REGI | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 2 500,00 | 2 500,00 | 705,00 | -1 795,00 |
| 11200 | ANNA FORBR.MATR./RÅVARER OG TENESTAR | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 7 500,00 | 7 500,00 | 5 082,00 | -2 418,00 |
| 11210 | VELFERDSTILTAK TILSETTE | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 3 000,00 | 3 000,00 | 3 126,00 | 126,00 |
| 11310 | TELEFONUTGIFTER | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 52 000,00 | 52 000,00 | 48 886,68 | -3 113,32 |
| 11311 | LØN TREKK PRIVAT TELEFON | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | -2 000,00 | -2 000,00 | -4 101,56 | -2 101,56 |
| 11600 | LØNSUTG.REISE / KOSTGODTGJERSLE (OPPGÅVEPLIKTIG) | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 1 000,00 | 1 000,00 | 508,64 | -491,36 |
| 11700 | DRIVSTOFF OG REKVISITA EIGNE TRANSPORTM. | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 5 000,00 | 5 000,00 | 13 292,59 | 8 292,59 |
| 11951 | LISENSAR PÅ DATAPROGARAM M.V. | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 243 000,00 | 243 000,00 | 2 243 885,59 | 2 000 885,59 |
| 12000 | INVENTAR / UTSTYR | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 956,80 | 956,80 |
| 12001 | IT - UTSTYR | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 150 000,00 | 150 000,00 | 177 626,60 | 27 626,60 |
| 12002 | VERKTØY OG REDSKAP | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 2 000,00 | 2 000,00 | 2 060,80 | 60,80 |
| 12101 | Leige leasing transportmiddel | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 110 000,00 | 110 000,00 | 117 825,10 | 7 825,10 |
| 12400 | SERVICE-/DRIFTSAVTALER | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 300 000,00 | 300 000,00 | 224 018,00 | -75 982,00 |
| 12401 | REPARASJONAR ANLEGG | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 10 000,00 | 10 000,00 | 5 200,00 | -4 800,00 |
| 12700 | KONSULENTTENESTAR | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 400 000,00 | 400 000,00 | 855 693,50 | 455 693,50 |
| 14290 | MEIRVERDIAVGIFT | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 250 000,00 | 250 000,00 | 878 376,64 | 628 376,64 |
| 15002 | ANDRE RENTEUTG.EININGANE | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 701,79 | 701,79 |
| 16900 | INTERNSAL KOMMUNEN | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -1 106 779,74 | -1 106 779,74 |
| 17100 | REFUSJON FOR SJUKELØN | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -79 907,00 | -79 907,00 |
| 17105 | REFUSJON SJUKELØN FERIEPENGAR | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -5 279,00 | -5 279,00 |
| 17290 | MVA.KOMP.DRIFT | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | -250 000,00 | -250 000,00 | -878 376,64 | -628 376,64 |
| 17500 | KOMMUNAR REFUSJONAR | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | -7 751 000,00 | -7 751 000,00 | -9 265 436,48 | 5 989 951,73 |
| 17700 | REFUSJON/TILSKOT FRÅ ANDRE (PRIVATE) | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -80,00 | -80,00 |
| 9997 | Lønn (hj.kto) - oppgavepl. og arb.giv.avg.pl | 1800 | VTDS IT-SAMABEID | | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 732,00 | 732,00 |
| | | 1800 | **VTDS IT-SAMABEID** | | | **0,00** | **0,00** | **0,00** | **125 446,50** | **125 446,50** |

## RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

VTDS skal utarbeide ei stutt årsmelding til kommunane. som blir handsama i styret.

## BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET

Målsetjingar for samarbeidet:

- Gjennom samarbeid setje kommunane betre i stand til å dekke dagens og morgondagens behov for IKT-løysingar
- På ein optimal måte støtte kommunane sine behov i høve til tenesteproduksjon, publikumsservice og administrative tenester
- Tilby IKT-løysingar som gjer det mogleg at kommunane kan utnytte dei samla ressursane optimalt og samarbeide om å løyse kommunale primæroppgåver.

| KOMMUNENS EIGARSTRATEGI |
| --- |
| Bruken av IKT i kommunane vil fortsette å auke framover. Kommunane blir stadig tillagt stadig nye oppgåver og utstrakt bruk av IKT vil vere nødvendig for å løyse oppgåvene innanfor tilgjengelige ressursrammer. Hensikta med selskapsorganiseringa er å oppnå ein kvalitetsgevinst der IKT-driftstenestene blir opplevd som enno betre enn tidlegare. Det blir óg på sikt forventa effektiviserings- og samordningsgevinstar. Valt modell vil gje dei beste føresetnadane for å lukkast. Erfaringar frå andre regionale driftssamarbeid støttar denne strategien. |

### 4.2.1.11 Kraftkompetanse KO

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **Kraftkompetanse** | |
| **Kommunalt oppgåvefellesskap** | |
| **Selskapsform:** | Oppgåvefellesskap heimla i kommunelova kapittel 19 |
| **Org.nummer:** | Kjem seinare |
| **Stiftingsdato:** | 13.5.2020 |
| **Kontaktperson:** | Hallgeir Aarbakk |
| **Nettadresse:** | https://www.kraftkompetanse.no |

EIGARAR OG EIGEDELAR

| | Eigarskap % |
|---|---|
| Vestfold og Telemark fylkeskommune | 14 |
| Tinn kommune | 23 |
| Vinje kommune | 23 |
| Tokke kommune | 15 |
| Fyresdal kommune | 5 |
| Hjartdal kommune | 5 |
| Seljord kommune | 5 |
| Nissedal kommune | 5 |
| Kviteseid kommune | 5 |
| **Totalt** | **100** |

SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Samarbeidsavtale | X | | Etiske retningsliner |
| Eigarstrategi | X | | Varslingsregler/rutinar |
| Forretningsplan | X | | Klima-/miljøplanar |

FORMÅL OG STRATEGI

Fordeling av oppgåver frå staten til fylkeskommunane i lys av regionreformen vart vedteke i Stortinget 18. desember 2018.
Dei mest relevante oppgåvene for eit kraft- og kompetansesamarbeid er innan klima, miljø og naturressursar. Ressursforvaltning handlar m.a om mogleghetane for å utnytte

naturressursar til næringsutvikling. Fylkeskommunane og kommunane vil få større ansvar og utvida oppgåver. Overføring av oppgåver frå statleg til regionalt nivå vil kreve oppretting av regionale kompetansemiljø i alle fylker.

Telemark har naturområder og naturressursar av nasjonal og internasjonal verdi. Telemark har óg sterke fagmiljø og institusjonar knytt til natur- og miljøfovaltning, friluftsområder m.m.

Denne kompetansen må nyttast ved desentralisering av statlege oppgåver og utvikling av Kraftkompetanse KO skal vere eit verkemiddel for å nytte og utvikle kompetanse innanfor aktuelle fagområde.

## ROLLE OG STYREINFORMASJON

- Styreleiar Steinar Bergsland (Tinn) med Trond Kjetil Jore som vara
- Nestleiar Gry Åsne Aksvik (Vinje) med Jan Myrekrok som vara
- Styremedlem Mette Kalve (Vestfold Telemark fk) med Gunn Marit Helgesen som vara
- Styremedlem Olav Bjørn Bakken (Tokke) med Åshild Løvold som vara
- Styremedlem Magne Wraa (Hjartdal, Kviteseid, Seljord, Fyresdal og Nissedal) med Halvor Homme som vara

## REKNESKAPSINFORMASJON

2020 er første rekneskapsår.

## RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Deltek i representantskap og har styreplass.

## BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET

Det er store kraft- og naturressursar i Telemark som skal forvaltast til beste for innbyggjarane i eit kort og langt perspektiv.
Telemark er eit av Noregs største kraftfylke. Vestfold og Telemark har naturområde og naturressursar av nasjonal og internasjonal verdi.
Det er betydeleg energi- og kraftkompetanse i kommunane i dag. Regionen har óg sterke miljø og institusjonar knytt til natur- og miljøfovalting, friluftsområder m.m.

Kommunane har likevel kompetansebehov som ikkje er dekt eller som er sårbare.

| |
|---|
| Kraftkompetanse KO er eit formalisert kommunesamarbeid som skal medverke til felles bruk av kompetanse. Det vil gje enkeltkommunane større tilgang på kompetanse og gjere dei mindre sårbare.<br>Mogleghetane for å maksimere dei økonomiske verdiane og å vere proaktive i prosessar knytt endringar av rammevilkår skal styrkast.<br><br>Eit sterkt kompetansemiljø skal setje regionen betre i stand til å bevare og utvikle eksisterande bedrifter og tiltrekkje seg nye verksemder/ arbeidsplassar til regionen.<br><br>Eit samarbeid som óg omfattar miljøkompetanse skal styrke ivaretakinga av nye miljøkrav og samstundes finne gode avvegingar mellom bruk og vern.<br>Telemark har hatt eit langt og nært samarbeid om forvaltning av kraftverdiane. Samarbeidet om konsesjonskraft går tilbake til byrjinga av 1980-talet. Eit vidare samarbeid er viktig i lys av regionreformen og skal medverke til å realisere ambisjonane for den nye regionen Vestfold og Telemark. |
| KOMMUNENS EIGARSTRATEGI |
| Vinje kommune er kontorkommune for samarbeidet. Oppgåvefellesskapet er ein viktig faktor for å ivareta interessene knytt til bruk av vasskraft og naturressursar for kommunane i Telemark og Vestfold. Samarbeidet kan også spele ei viktig rolle som vertskap for fleire oppgåver som skal lokaliserast til øvre Telemark. |

## 4.2.1.12 Fjellab (mat-vann-miljø)

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **Selskapsform:** | Adm. vertskommunesamarbeid med Tinn som vert – gml koml § 27 |
| **Stiftingsdato:** | 1.1.2004 |
| **Kontaktperson:** | Jim Morten Høgden |
| **Nettadresse:** | https://www.fjellab.no |

**EIGARAR OG EIGEDELAR**

Historisk kostnadsfordeling mellom kommunane:

- Vinje 30,2%
- Tokke 19,5%
- Tinn 50,3%

Fjellab er eit organisasjonsledd i Tinn kommune. Fordeling mellomkommunane blir justert kvart 2. år på grunnlag av innbyggjartall.

**SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT**

| |
|---|
| Samarbeidsavtale |
| Vedtekter X |
| Tenestekatalog |

**FORMÅL OG STRATEGI**

Fjellab er eit akkreditert laboratorium som utfører kjemiske og mikrobiologiske analyser av mat, vatn og miljøprøver. Fjellab bistår også i samband med etablering av kontrollprogram for vassverk og matprodusentar.

Samarbeidsordningen kan også omfatte bistand ved andre oppgåver innan helse- og miljøproblematikk.

**ROLLE OG STYREINFORMASJON**

Styret består ein representant frå kvar av kommunane, sam ein representant for dei tilsette. Ingerid Hayes representerer Vinje.

| REKNESKAPSINFORMASJON |
| --- |
| Dette er eit avdelingsrekneskap i Tinn kommune sitt rekneskap. |
| RAPPORTERING TIL KOMMUNEN |
| Ingen særskilt. |
| BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET |
| Næringsmiddeltilsynet i øvre Telemark hadde vore eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Tinn, Tokke og Vinje. Ved opprettinga av Mattilsyn, overtok staten frå 01.01.2004 oppgåvene til det tidlegare Næringsmiddeltilsynet, forutan laboratoriedrifta.<br><br>Dei tre kommunane meinte det ville vere ein god service og hjelp til matprodusentar å framleis å ha eit laboratorium i nærmiljøet. Det var viktig at ein haldt på kompetanse i distrikta, slik at dei som ynskjer å starte med/eller driv lokal matproduksjon, har lokal ekspertise å rådføre seg med. Det er vanskeleg for ein småskalaprodusent å finne fram i ”jungelen” av direktiv og lovar, slik at her vil det lokale laboratoriet også vera ein god støttespilar.<br><br>Kommunane vedtok difor å halde fram samarbeidet. |
| KOMMUNENS EIGARSTRATEGI |
| Vinje kommune ser framleis dette som eit godt verkemiddel for lokale produsentar og held fram medlemskapen. |

### 4.2.1.13 Interkommunalt Utvalg mot Akuttforurensing Telemark

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **Selskapsform:** | Adm. vertskommunesamarbeid med Bamble som vert – gml koml § 27 |
| **Stiftingsdato:** | 1.1.2003 |
| **Kontaktperson:** | Morten Meen Gallefos |
| **Nettadresse:** | https://www.bamble.kommune.no/tekniske-tjenester/branntilsyn-brann-og-ulykkesberedskap/iua-telemark1/ |

**EIGARAR OG EIGEDELAR**

Kommunane betaler kr 4 per innbyggjar, med eit minstebeløp på 17 500,-, som også er summen Vinje betaler.

Samarbeidet blir styrt av eit årsmøte og eit beredskapsstyre.

**SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT**

| | |
|---|---|
| Samarbeidsavtale | |
| Vedtekter | X |
| Tenestekatalog | |

**FORMÅL OG STRATEGI**

IUA Telemark er etablert for å ivareta forureining både frå olje og andre kjemikaliar, og dekkjer sjø, land og vassdrag i Telemark. Kommunen sitt mynde etter forureiningslova § 47 er delegert til IUA gjennom vedtak i kommunestyret.

**ROLLE OG STYREINFORMASJON**

Dagleg leiar Tore Metveit i Vest-Telemark brannvern IKS representerer Vinje og dei andre Vest-Telemarkkommunane.

**REKNESKAPSINFORMASJON**

Dette er eit avdelingsrekneskap i Bamble kommune sitt rekneskap.

På regionen sitt årsmøte deltek representanter frå kvar kommune. Det er årsmøtet som vedtek beredskapen sitt budsjett og planar for komande periode

| RAPPORTERING TIL KOMMUNEN |
| --- |
| Ingen særskilt. |
| BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET |
| Næringsmiddeltilsynet i øvre Telemark hadde vore eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Tinn, Tokke og Vinje. Ved opprettinga av Mattilsyn, overtok staten frå 01.01.2004 oppgåvene til det tidlegare Næringsmiddeltilsynet, forutan laboratoriedrifta.<br><br>Dei tre kommunane meinte det ville vere ein god service og hjelp til matprodusentar å framleis å ha eit laboratorium i nærmiljøet. Det var viktig at ein haldt på kompetanse i distrikta, slik at dei som ynskjer å starte med/eller driv lokal matproduksjon, har lokal ekspertise å rådføre seg med. Det er vanskeleg for ein småskalaprodusent å finne fram i "jungelen" av direktiv og lovar, slik at her vil det lokale laboratoriet også vera ein god støttespilar.<br><br>Kommunane vedtok difor å halde fram samarbeidet. |
| KOMMUNENS EIGARSTRATEGI |
| Vinje kommune ser framleis dette som eit godt beredskapsgrep mot akutt ureining og held fram medlemskapen. |

### 4.2.2 Vinje kommune sin eigarstrategi i heileigde kommunale aksjeselskap – AS

- Vest- Telemark Kraftlag AS - Eigardel 19 %
- Kvito AS - Eigardel 49,78%
- Kommunekraft AS - Eigardel 0,31%
- Raulandsakademiet AS - Eigardel 98,61%
- RN Eigedom - Eigardel 57,14%

### 4.2.2.1 Vest-Telemark Kraftlag

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **Vest-Telemark kraftlag** | |
| **Selskapsform:** | Aksjeselskap |
| **Org.nummer:** | 955 996 836 |
| **Stiftingsdato:** | 13.09.1940 |
| **Kontaktperson:** | Ketil Kvaale |
| **Nettadresse:** | www.vtk.no |

**EIGARAR OG EIGEDELAR**

| | |
|---|---|
| Fyresdal kommune | 19% |
| Kviteseid kommune | 19% |
| Nissedal kommune | 5% |
| Seljord kommune | 19% |
| Tokke kommune | 19% |
| Vinje kommune | 19% |

**SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Aksjonæravtale | Vedtekter | Vedtekter | | Etiske retningsliner |
| | Selskapsavtale | | Styreinstruks | | Varslingsregler/rutinar |
| | Samarbeidsavtale | Selskapsavtale | Strategiplanar | | Klima-/miljøplanar |

**VEDTEKTSFESTA MÅL**

- Utbygging og drift av energiforsyningsnett
- Utbygging og drift av produksjonsanlegg for energi
- Omsetning av energi
- Installasjonsverksemd, teletenester o.l.
- Rådgjeving, konsulentverksemd, tenesteyting og anna verksemd som har tilknyting til dei nemnde føremål
- Desse arbeidsområda kan organiserast som dotterselskap. Selskapet kan også vera deltakar i andre selskap innanfor desse og tilgrensande område

**ROLLE OG STYREINFORMASJON**

Styreleiar: Erik Skjervagen
Nestleiar: Baiba Sheine
Styremedlemmer: Torfinn Heggtveit, Runa Vee Tveit, Jarle Solbu, Eivind Skogheim, Geir Kjartan Lid og Åshild Løvold.

NØKKELTAL i heile 1 000

| Rekneskap | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | 290 570 | 257 137 | 244 457 | 218 665 | 222 916 |
| Driftsresultat | 99 729 | 77 863 | 75 949 | 52 601 | 54 819 |
| Resultat før skatt | 95 234 | 72 389 | 70 469 | 46 290 | 49 293 |
| Sum eigedelar | 743 747 | 682 059 | 661 212 | 599 942 | 601 211 |
| Eigenkapital | 368 900 | 341 683 | 319 396 | 290 666 | 298 468 |

RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Eigarmøter og tilsendt årsmelding.

BAKGRUNN FOR EIGARSKAPET

Lårdalsordførar Hans Årneshaugen og stortingsmann Olav Versto hadde ei uformell samtale under fylkestinget for Telemark i 1937, om å nytte seg av tilskotsordninga for straumtilførsel for straumlause strok. Dette var visstnok første kimen til stiftinga av Vest Telemark Kraftlag 13. september 1940 som eit selskap der deltakarane hadde avgrensa økonomisk ansvar (BA). I 1981 vart Kilen Kraftlag i Kviteseid overteke og i 2000 vart Nissedal Kommunale Elverk (NKE) innfusjonert. Nissedal kommune gjekk då inn på eigarsida i VTK i høve til dei verdiane som låg i verksemda. NKE var stifta i 1921. Som fylgje av lovendring (lov om interkommunale selskap §41) vart VTK (BA) omorganisert til aksjeselskap (VTK AS) med verknad frå 01.01.2002. Omorganiseringa skjedde ved namneendring og nye vedtekter. Aksjekapitalen på 100 mill.kr vart fordelt i same høve som andelskapitalen i BA-et. Eigarane har inngått avtale som regulerar aksjeomsetning og styrevalg m.m. Vedtaket om omorganisering vart gjort i representantskapet 10.01.2002 og var samrøystes.

KOMMUNENS EIGARSTRATEGI

Det er utarbeidd ein eigen felles eigarstrategi for dei seks Vest-Telemarkkommunane, vedteke i kommunestyret.

#### 4.2.2.2 Kvito AS

| INFORMASJON OM SELSKAPET | |
|---|---|
| **KVITO AS** | |
| **Selskapsform:** | Aksjeselskap |
| **Org.nummer:** | 971 172 207 |
| **Stiftingsdato:** | 26.5.1994 |
| **Kontaktperson:** | Torbjørn Blichfeldt Dyrland |
| **Nettadresse:** | www.kvito.no |

| EIGARAR OG EIGEDELAR | |
|---|---|
| Kviteseid kommune | 21,78% |
| Nissedal kommune | 0,43% |
| Tokke kommune | 14,78% |
| Vinje kommune | 63,01% |

SELSKAPETS STYRINGSDOKUMENT

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Aksjonæravtale | | Vedtekter | | Etiske retningsliner |
| Vedtekter | Selskapsavtale | | Styreinstruks | | Varslingsregler/rutinar |
| | Samarbeidsavtale | | Strategiplanar | | Klima-/miljøplanar |

FORMÅL

Formålet for Kvito AS er å vere ei verksemd som på ein god og effektiv måte kan tilby eit breitt spekter attføringstenester med siktemål å gje eit kvalitetsmessig best mogleg attføringstilbod til aktuelle arbeidssøkjarar og arbeidstakarar. Kvito sine arbeidstreningsarenaer og kvalifiseringsprogram skal spegle det lokale næringslivet i dei fire eigarkommunane og behovet det har for arbeidskraft.

